



Ove Chr. Borge

Referanse

2023/12182-ATJ

Dato

15.05.2024

## Høyringsvar frå fakultetsadministrasjonen i høve einingsstrukturen ved Det psykologiske fakultet

Dei mange seksjonane i fakultetsadministrasjonen, samt staben, sjølvst, har hatt eigne møte om einingsstrukturen ved fakultetet. Dette dokumentet siktar mot å samanfatta synspunkta. Der det var indre splid, vil divergerande syn bli presenterte særskilt.

Fakultetsadministrasjonen meiner at tida er overmogen for å sjå nærare på korleis organisatoriske endringar kan gjera det enklare og meir effektivt for fakultetet å halda oversikt over og drifta studieprogram, forskarutdanning og forskingsrådgeving, for å nemna noko.

Diverre er tankeprosessane hindra av råmevilkåra: For det fyrste er fakultetet geografisk spreidd for alle vindar, og for det andre er me bundne på hender og føter, men enno ikkje knebla, av store økonomiske utfordringar. Fakultetsadministrasjonen skjønar difor at det kan bli utfordrande å implementera i praksis det som på papiret ser ut som den optimale, om ikkje endelege, løysinga.

Fyrst vil me peika på nokre gode effektar ei organisasjonsendring kan ha. Færre institutt, vil

...

- gjera det enklare å samla studieprogram som no går på tvers av einingane.
- gjera institutta til sterkare administrative einingar.
- gjera det mogeleg å samla tilsette som jobbar med nærskylde problemstillingar.
- gjera det mogeleg å tenkja nytt om fag og faglege konstallasjonar.
- gjera det mogeleg å samkøyra institutt og forskarskular.
- frigjera ressursar, til dømes gjennom utval, styre og råd som krev deltaking frå institutta.

Fakultetsadministrasjonen har med stor glede og interesse studert rapporten om optimal einingsstruktur. Trass i at rapporten opererer med ei klar tilråding, meiner me at både modellar med 2, 3 og 4 institutt, kan ha noko føre seg. Med to institutt, er det rom for å flytta mange administrative ut på institutta. Med tre, blir det meir krevjande med administrativ utflytting i stor skala. Med fire, bør knapt nokon flyttast til institutt-nivået.

Modellen med to institutt opnar for størst endringar, både fagleg og administrativt, og me vil i framhaldet avgrensa oss til denne.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

For oss er det viktig å understreka at det i framtida uansett vil vera behov for administrasjon på eit sentralt nivå. Oppgåvene til staben, eksamen, drift av ph.d.-programmet, økonomi og MR (menneskelege ressursar), er døme på oppgåver som må vera representert med tilsette i eit sentralt sekretariat.

Brorparten av fakultetsadministrasjonen tilrår modellen med to institutt. Denne modellen støttar godt opp om strategiplanen, som mellom anna seier at fakultetet skal arbeida for kostnadseffektiv og berekraftig drift. Fleirtalet meiner at modellen med to institutt er å føretrekkja fordi:

- Institutta blir høveleg store.
- Ein får samla studieprogramma. Studieprogramma er den største kostnadsdrivaren på fakultetet, og me meiner det er best at kvart program blir eigd av eitt institutt.
- Det blir lettare å fordela undervisings- og sensurressursar på tvers av emne. I dag kan det oppstå tråleik når ulike institutt skal samarbeida om slikt.
- Dersom kvart institutt har ansvar for å forvalta og drifta eigne studieprogram, ligg det betre til rette for at dei kan ta hand om ein større del av økonomien også. Det inneber større fridom for institutta, men også større ansvar.
- Ein treng færre representantar til undervisingsutval og andre utval/råd.
- Ein får høve til å redusera kostnadene med å rekruttera og halda seg med leiarar.
- Ein vil nytta færre ressursar på godkjenning i DFØ, og til å tinga inn varer og tenester med meir.
- Instituttadministrasjonen vil få mengdetrening, og den blir såleis god til å løysa oppgåvene sine.

Samstundes ser fakultetsadministrasjonen at modellen med to institutt inneber ei deling mellom psykologi og «andre fagmiljø». Ei slik tydeleg deling, kan verta utfordrande for bygginga av ein samlande fakultetsidentitet. Dersom ein ikkje er medviten om dette, kan ein på sikt hamna i ein situasjon der rest-fagmiljøa utanom psykologi kan kjenna seg betre tente med å søkja overgang til andre fakultet. Dette scenarionet, er ikkje mindre aktuelt i tronge økonomiske tider.

Fakultetsadministrasjonen er også uroleg for at modellen med to institutt vil bli implementert ved å etablere eigne avdelingar under institutta, og at desse avdelingane vil samanfalla med dagens instituttstruktur. Gjer ein det på denne måten, vil organisasjonsendringa ha lite for seg.

Modellen femner heller ikkje om dei to sentra, som også treng administrative tenester. Ei full utflytting av administrative, føreset såleis at sentra blir knytt opp til ein institutt-administrasjon. Dette kan vera ein kime til konflikt, og alternativet; å ha ein fullt operativ administrasjon på fakultetsnivå, tykkjest å vera ein tryggare strategi.

Administrative arbeidsoppgåver av meir institutt-overgripande natur, slik som til dømes drift av ph.d.-programmet og eksamen, bør ikkje bli knytt til eit institutt, men ha ei fagleg leiing på sentralt nivå.

Dei ulike seksjonane i fakultetsadministrasjonen greier ikkje fullt ut å einast om korleis modellen med to institutt bør implementerast i praksis med omsyn til plassering av administrative oppgåver. Uansett kva ein meiner om utflytting av administrativt personell, er det viktig å ta omsyn til at talet på tilsette skal reduserast dei neste åra, og at det for tida er stillingsstogg ved fakultetet. Der me har knapt med ressursar, til dømes innan økonomi, MR

og forskingsrådgjeving, er det ikkje rom for å tilsetja fleire. Og mistar me nokon, vil me ikkje få bøtt holet i mannskapsplanen. I ein slik situasjon, er det nok mest robust og berekraftig å halda dei avgrensa ressursane samla på fakultetsnivået.

Studieseksjonen går lengst i å tilrå utflytting av administrativt tilsette til institutta: Dei ser for seg at kvart institutt etablerer ein administrasjon som kan løysa alle administrative oppgåver.

MR-, økonomi- og forskingsseksjonen, samt stab, er tydelege på at det vil vera ein fordel å samla administrative oppgåver av institutt-overgripande karakter både fysisk og organisatorisk i ein sentral administrasjon. Dette både fordi det er uråd å duplisera enkelte stillingar, men også for å sikra fagleg leiing og eit administrativt arbeidsmiljø.

Ei ordning der til dømes MR-rådgjevarane (geografisk) sit ved institutta, trass i at dei organisatorisk er tilsett i den sentrale fakultetsadministrasjonen, er ikkje optimal. Det kan lett utvikla seg institutt-spesifikke arbeidsrutinar, noko som vil gjera det vanskelegare å tilby like tenester og å overta arbeidsoppgåver for kvarandre ved sjukdom og fråvær. I tillegg er det stort sannsyn for at dei vil kunna oppleva krysspress i arbeidssituasjonen.

Økonomiseksjonen meiner at det vil vera best å ha ei sentral organisering av økonomitenestene ved fakultetet, uavhengig av instituttstruktur. Stort sett alle fakulteta ved UiB har samla økonomane på fakultetsnivået (KMD og JUSS får sine økonomitenester frå økonomiavdelinga sentralt på UiB). Hjå oss, har me til dømes berre to reindyrka prosjektøkonomar, og det vil vera svært sårbart å tilsetja éin på kvart institutt.

Økonomiavdelinga sentralt på UiB, har i lengre tid arbeidd med prosjektet "rekruttera og ta vare på økonomar". Prosjektet vart etablert fordi det er vanskeleg å få økonomar til stillingane ved UiB, og tanken er at det vil bli lettare å få dette til ved å byggja opp sterke fagmiljø ved det einskilde fakultet. Utflytting av økonomar til institutta, vil ha motsett effekt.

Me vil avslutta med å gjenta at fakultetsadministrasjonen er positiv til prosessen med å sjå på om ei organisasjonsendring vil kunna gjera oss betre i stand til å løysa oppgåvene våre innan forskning og undervising. Me støttar modellen med to institutt – den inneber størst endring, men også størst mogelegheiter. Det blir spanande å fylgja med på korleis ein eventuell implementeringsprosess vil gå føre seg.

Venleg helsing

Fakultetsadministrasjonen